



Møyfrid Kristoffersen legg fram årsmeldinga i kyrkja i føremiddag

**Ved valet til hausten takkar Møyfrid Kristoffersen av som leiar i soknerådet, kunngjorde ho på soknemøtet i kyrkja i dag. Ho understreka at ho gjer det for å gje andre sjansen til å gå inn i eit verv som ho karakteriserte som kjekt og kjempespennande. Ho reklamerte intenst for vervet. Under møtet kunne ho leggja fram ei årsmelding på 3 tettskrivne sider om eit utruleg innhaldsrikt jubileumsår. Rekneskapen var også positiv, til dømes fortalde den at utgiftene på 48 200 til jubileumsboka no er dekkja gjennom salet. Kristoffersen konkluderte årsmeldinga med at det hadde vore ei spanande og fin jubileumsfeiring.**

I offer til kyrkjelydsarbeidet har det kome inn 11 115 kroner og i offer til andre 33 809 kroner  
I den siste summen er det 12 954 kroner til fasteaksjonen. Soknerådsarbeidet viste ein inntekt på 63 000 - det er bilettinntekt til konsertar og andre arrangementer.  
På utgiftssida finn ein 92 193 som er nytta til soknerådsarbeid.

Planane framover i dette året inneheld mellom anna ein kveld med Støylensalmar, ei ny tårnagenthelg, den tradisjonelle gudstenesta i friluft på Skorpo - og sjølvsaugt valet av nytt sokneråd. Arbeidet med å finna villige kandidatar er i full gang.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen